



SURNADAL KOMMUNE

Forskrift for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt for folkevalde 2023-2027

Vedteke i Surnadal kommunestyre 10.02.2026



§ 1. Lovgrunnlag

Kommunelova kapittel 8, jf. §§ 8-3 til 8-10

§ 2. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre folkevalde godtgjersle og utgiftsdekning i samband med dei kommunale tillitsverva dei har.

Forskrifta omfattar medlemmar i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i utval som er nærare fastsett i vedtatt politisk organisering for Surnadal kommune.

§ 3. Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

3.1. Personar som har verv som folkevalde i Surnadal kommune, har krav på

- a. erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet
- b. dekning av utgifter til barnepass og andre omsorgsoppgåver dei har, som dei på grunn av oppgåver i samband med vervet ikkje kan utføre sjølve
- c. skyss, kost og overnattingsgodtgjersle etter kommunale reiseregulativ

Den folkevalde må setje fram krav om dekning for kommuneadministrasjonen så snart som mogleg og seinast innan to månader etter at kravet oppstod. Kravet må dokumenterast. Krav etter bokstav a eller b som ikkje kan dokumenterast, blir likevel dekte dersom tapet eller utgiftene er sannsynleggjorde på anna måte.

3.2. Nettbrett

Medlemmar og første varamedlemmar i kommunestyret, hovudutval for tenesteutvikling og formannskapet får gratis lån av nettbrett, ev. med tastatur og ladekabel, i heile kommunestyreperioden på fire år.

Dersom ein folkevald trer ut av vervet i løpet av perioden, må alt lånt utstyr leverast tilbake.

Alt lånt utstyr skal leverast tilbake når kommunestyreperioden er over. Da vil Surnadal kommune vurdere om lånt utstyr skal brukast på nytt av nye folkevalde eller takast i bruk i andre einingar i organisasjonen.

§ 4. Erstatning for dokumentert og ikkje-dokumentert tap i inntekt

Dokumentert tap:

Arbeidstakarar

Arbeidstakarar (personar som utfører arbeid i ein annan si teneste) får dekt tap etter attest frå arbeidsgivar. Inkludert i tapet er feriepengar og arbeidsgivaravgift som også skal dekkast.

Dokumentert tap i arbeidsinntekta blir dekt med maksimalt 400 kroner per time og maksimalt 3 200 kroner per dag. Feriepengar kjem i tillegg.

Alternativt kan arbeidsgivaren betale lønn til arbeidstakaren og fortløpande sende refusjonskrav til kommunen.

Næringsdrivande

Dokumentert tap blir dekt med maksimalt 3 200 kroner per arbeidsdag. Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande, får dekt tap etter skatteoppgjer over personinntekt siste år. Inntekta blir delt på eit årsverktal på 1 800 timar som gir timesatsen for utrekning av erstatning på grunnlag av tida som er medgått til møteverksemd. Ein arbeidsdag blir rekna til 8 timar. Alternativt kan dokumenterte utgifter til vikar dekkast. Avbrot i arbeidet for den næringsdrivande blir rekna inn i omgrepet medgått tid til møteverksemd.

Ikkje-dokumentert tap:

Erstatning kan bli gitt for ikkje-dokumentert tap i inntekt, når tapet av praktiske grunnar er vanskeleg å dokumentere. For å setje fram krav om ikkje-dokumentert erstatning, må den folkevalde anten ha hatt faktisk tap i inntekt ved å ha forsømt arbeid, studium eller liknande på grunn av møteverksemd i vervet, eller vere heimearbeidande, student eller pensjonist og ha forsømt daglege gjeremål på grunn av møteverksemd i vervet.

Kravet må leggest fram skriftleg med forklaring på tapet. Det blir gjort ei skjønsmessig vurdering av kravet. Tapet blir dekt for den tida som er medgått til møteverksemd, med maksimalt 200 kroner per time og maksimalt 1 600 kroner per dag.

Andre forhold:

Dersom ordføraren har bedd folkevalde om å representere kommunen i eksterne møter/arrangement, eller dei har blitt oppnemnde til eller får aksept av ordføraren eller kommunedirektøren til å delta på kurs eller konferansar, kan den folkevalde krevje erstatning for tapt arbeidsinntekt og reiseutgifter.

§ 5. Fast godtgjersle til leiar i politisk utval

Leiarar i politiske utval oppnemnde av kommunestyret blir gitt fast årleg godtgjersle etter satsane i tabellen under.

Utval	Prosent av ordføraren si årlege godtgjersle
Hovudutval for tenesteutvikling (HTU)	6 %
Administrasjonsutvalet (ADM)	6 %
Kontrollutvalet	6 %

Godtgjersla blir utbetalt per måned.

Telefonmøte og førebuing til møte er inkludert i den faste godtgjersla. I tillegg kjem møtegodtgjersle på same måte som for medlemmane i utvala.

Godtgjersle blir avkorta ved fråvær. Dersom ein folkevald som får fast årleg godtgjersle, deltar i mindre enn 2/3 av møta i utvalet i løpet av årsperioden (1. november til 31. oktober), blir den faste godtgjersla redusert med 25 prosent. Dersom den folkevalde deltar i mindre enn 1/3 av møta i utvalet i den nemnte perioden, blir godtgjersla redusert med 50 prosent. Dersom den folkevalde har forfall til alle møta i utvalet, fell heile den årlege godtgjersla bort.

På grunn av at godtgjersla blir utbetalt per måned, kan det bli aktuelt å krevje tilbakebetaling i tilfella skildra i avsnittet over.

Dersom godtgjersla blir avkorta på grunn av stort fråvær, skal det gjerast ei skjønsmessig vurdering i det særskilde tilfellet om fungerande leiar i utvalet skal få godtgjersle etter leiaren sin sats.

§ 6. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle er ein kompensasjon for arbeidet som blir utført i vervet som folkevald. Godtgjersle blir gitt for møteverksemd inkludert eventuell befarung og forarbeid til møta. Eksterne kurs og konferansar blir ikkje rekna som møte. Møtegodtgjersla blir regulert i takt med ordføraren si godtgjersle.

- a. Kommunestyret
Medlemmar og varamedlemmar som møter i kommunestyret får møtegodtgjersle per møte tilsvarande 1,2 promille av ordføraren si årlege godtgjersle.
- b. Formannskapet
Medlemmar og varamedlemmar som møter i formannskapet får møtegodtgjersle per møte tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si årlege godtgjersle.
- c. Faste utval og ad hoc-utval
Medlemmar og varamedlemmer som møter i kommunale utval oppnemnde av kommunestyret, jf. kommunelova § 5-7, får møtegodtgjersle per møte tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si årlege godtgjersle.
- d. Ungdomsråd, råd for eldre og råd for personar med nedsett funksjonsevne
Medlemmar og varamedlemmer som møter i råda oppnemnd av kommunestyret etter kommunelova § 5-12, får møtegodtgjersle per møte tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si årlege godtgjersle.

Når eit medlem får permisjon frå delar av møtet, eller stiller som vara i enkeltsaker, får dei utbetalt halv møtegodtgjersle. Dersom medlemmen i eit slikt tilfelle deltar i minst fire timar av møtet, får han/ho full godtgjersle.

Når eit medlem er innkalla til fleire møte på same dag, blir det gitt møtegodtgjersle for kvart møte, unntatt for møte av lite omfang og som krev lite eller inga førebuing.

Statlege, ikkje-kommunale organ eller kommunale organ som har egne ordningar eller som kommunen elles ikkje har økonomisk ansvar for, er ikkje omfatta av denne forskrifta.

§7. Særskilde reglar for ordførar og varaordførar

- a. Ordføraren si årlege godtgjersle blir sett til 90 prosent av ein stortingsrepresentant si årlege godtgjersle. Ordføraren får inga anna godtgjersle.
- b. Varaordføraren si årlege godtgjersle blir sett til 20 prosent av ordføraren si godtgjersle. Varaordføraren får inga anna godtgjersle. Varaordføraren får utbetalt 100 prosent av ordføraren si godtgjersle i 5 veker per år, i samband med ferieavvikling for ordføraren.
- c. Kommunen stiller mobiltelefon til disposisjon for ordførar og varaordførar.
- d. Godtgjersle for både ordførar og varaordførar blir regulert samtidig som stortingsrepresentantane får godtgjersla regulert. Det blir ikkje berekna feriepengar av ordføraren og varaordføraren sine godtgjersler.
- e. Ettergodtgjersle for ordføraren er regulert i kommunelova § 8-6, som slår fast at folkevalde som har vervet som sitt hovudgjere mål kan søkje om ettergodtgjersle når dei trer frå vervet. Lengda for slik ettergodtgjersle blir fastsett til inntil tre månader. Retten til godtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå. Søknad om etterlønn blir behandla i kommunestyret.
- f. Ordførar og varaordførar har rett til pensjon i tråd med kommunen si ordinære pensjonsordning.
- g. Ordførar og varaordførar har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen. Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgivarperioden frå den første til den sekstende sjukedagen, jf. folketrygdlova § 18-9. Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.
- h. Dersom ordføraren har sjukefråvær, trer varaordføraren inn i vervet som ordførar etter 16 dagar, og får godtgjersle som ordførar etter dette så lenge sjukefråværet er 100 prosent. Dersom ordføraren er delvis sjukmeld opptil 50 prosent, blir det ikkje gjort endringar i varaordføraren sine plikter/arbeidsoppgåver. Dersom ordføraren er delvis sjukmeld over 50 prosent, trer varaordføraren inn i vervet så lenge dette er tilfelle.

- i. Ordfører, som har tillitsvervet som sitt hovudgjeremål, skal meldast inn i kommunen si yrkesskadeforsikring og eventuelle tilleggsforsikringar som gir tilsette i kommunen rett på ytingar ved yrkesskade.
- j. Ordfører og varaordfører kan søkje om permisjon i tråd med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-2 og 12-5. Søknad om permisjon blir behandla i kommunestyret.

§8. Skjønnsvurderingar og avgjerd ved spørsmål om tolking av denne forskrifta

Der forskrifta skildrar ei skjønnsvurdering og dersom det er spørsmål om tolking av denne forskrifta, blir desse avgjorde av ordfører og kommunedirektør.

§9. Ikrafttreding

Denne forskrifta gjeld for valperioden 2023–2027. Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdatoen i kommunestyret. Eventuelle endringar i satsar har ikkje tilbakeverkande kraft.